

NotatDato: 03.12.2016
Arkivsak: 2016/5342-6
Saksbehandlar: fradahl

Til: Ingrid Kristine Holm Svendsen

Frå: Frank Dahl

HFK - FORSIKRINGER FOR 2017**Organisering**

Hordaland fylkeskommune (HFK) inngjekk rammeavtale med Waco forsikringsmekling med verknad frå 1. august 2016. Leveransen femner om følgjande aktivitetar:

- Gje råd i spørsmål om forsikringar (inklusive skadeførebygging, skadeoppgjær)
- Gjennomføre anbudsrundar etter behov
- Generell administrasjon av polisar og tilhøyrande faktura
- Leverer materiell med informasjon om forsikringsdekningane til HFK sine einingar og tilsette
- Etablere brukarvenleg WEB-dialog med informasjon om forsikringsordningar og administrasjon av polisar
- Gje informasjon om forsikringane på arrangement i regi av HFK
- Kundeskule for kontaktpersonar hos HFK sine einingar

Bybanen AS og Museumssenteret i Hordaland er med på rammeavtalen med Waco forsikringsmekling AS. Desse to einingane får innstilling knytt til val av og teikning av egne forsikringar.

Informasjon om dei ulike forsikringsdekningane vert gitt gjennom WEB-dialogen som Waco forsikringsmekling AS har konstruert for HFK, Bybanen AS og Museumssenteret i Hordland. Denne vert fortløpande oppdatert med aktuell og relevant informasjon for politikarar, leiarar og tilsette i HFK. Det vert også gitt informasjon gjennom egne møter og seminar ved behov for dette hos dei ulike einingane.

Anbudsrunnen hausten 2016

Innkjøpsseksjonen har organisert arbeidet gjennom eit brukarutval med medlemmer frå følgjande einingar:

Eigedomsavdelinga	Bjarte Molvik
Opplæringsavdelinga	Arnfinn Rekve
Samferdsleavdelinga	Knut Djuve
Tannhelseavdelinga	Linda Bringedal

Økonomi og organisasjonsavdelinga:

HR-seksjonen	May Sæle Einarsen
IT-seksjonen	Geir Ove Johnsen
Økonomi og org – juss	Sigrid Helene Aardal
Innkjøpsseksjonen	Carl Fredrik Husby og Frank Dahl
Bybanen AS	Karina Størksen og Ingrid Herland
Museumssenteret i Hordaland	Atle Ove Martinussen og Mette Thommessen

Waco forsikringsmekling har hausten 2016 gjennomført anbudsrundar på følgjande forsikringsdekningar for HFK:

Personforsikringar:

- Yrkesskade
- Fritidsulykke
- Gruppeliv
- Elevulykke
- Reiseforsikring

Skadeforsikringar:

- Ansvarsforsikring
- Styreansvarsforsikring
- Eigedom
- Motorvogn

Anbudsrunderen er gjennomført i samsvar med regelverket for offentlige anskaffingar og gjeld for året 2017 med opsjon på forlenging av avtalene med 1 + 1 + 1 år.

Ved anbudsfristen sin utløp 17. oktober 2016 hadde 11 selskap bedt om å få tilsendt konkurransegrunnlaget og 8 selskap hadde levert inn tilbud på hele eller deler av HFK sin portefølje av forsikringar.

Ved evaluering av dei tilbud som vart levert er pris og kvalitet (vilkår, behandlingstid, vilkår for betaling og skadeførebyggjande tiltak) nytta som tildelingskriterier. Dei er vekta med hhv 80 og 20 prosent.

Det er teke følgjande atterhald i høve til tildeling av kontraktane:

- Fordele oppdraget på fleire leverandører
- HFK og tilhøyrande selskap kan velje leverandør uavhengig av kvarandre
- Fylkeskommunale selskap står fritt i høve til å slutte seg til avtale
- HFK tek atterhald om å kunne tiltre deler av tilboda

Konkurransegrunnlaget gir all relevant informasjon knyta til økonomi, tilsette, elever, eigedommar og selskapa – jmf vedlagt kopi av anbudsdokument.

Tilbud – personforsikringar for 2017

Av tabellen nedanfor går det fram kva for tilbud som er motteke på dei ulike personforsikringane til HFK:

TILBUD PERSONFORSIKRINGER 2017				
	1	2	3	4
	GJENSIDIGE	KLP	IF	PROTECTOR
GRUPPELIV	3 578 250	4 164 105		2 833 974
YRKESKKADE	1 932 320	1 151 055		1 345 240
FRITIDSULYKKE	390 432	414 013		409 024
ELEVFORSIKRING	254 800	327 600		218 400
MUSIKERE ETC	10 800	23 756		9 500
TJENESTEREISE	259 292	454 880	341 220	263 877
	6 425 894	6 535 409	341 220	5 080 015
	5	6	7	8
	DNB	CODAN	LANDBRUK	RISKPOINT
GRUPPELIV	4 935 483	4 269 590	3 260 916	
YRKESKKADE	1 382 602	1 437 937	1 530 752	
FRITIDSULYKKE	350 424	290 059	622 832	
ELEVFORSIKRING	274 669	392 281	364 000	
MUSIKERE ETC	11 391	10 700	12 815	
TJENESTEREISE	-	249 816	181 984	
	6 954 569	6 650 383	5 973 299	-

Gunstigaste tilbud for dei ulike personforsikringane er markert med blå farge i tabellen ovanfor.

For gruppeliv og elevforsikring har Protector gitt dei gunstigaste tilboda med kostnad på til saman vel 3 millionar kroner.

For yrkesskade og fritidsulukke har KLP gitt det gunstigaste tilbodet. Forsikringa for musistarar og scenekunstnarar følgjer den ordinære yrkesskade og ulukkeforsikringa til HFK. Samla sett er derfor tilbodet frå KLP for desse tre dekningane det gunstigaste og dei kostar om lag 1,6 millionar kroner.

For tenestereiseforsikring har Landbruk gitt det gunstigaste tilbodet og denne kostar vel 180.000.

Waco innstiller ovanfor HFK på å velje følgjande leverandørar for dei ulike personforsikringane for 2017:

PERSONFORSIKRING		
INNSTILLING FRÅ WACO		
DEKNING	SELSKAP	PREMIE
GRUPPELIV	PROTECTOR	2 833 974
YRKESKADE	KLP	1 151 055
FRITIDSULYKKE	KLP	414 013
ELEVFORSIKRING	PROTECTOR	218 400
MUSIKERE ETC	KLP	23 756
TJENESTEREISE	LANDBRUK	181 984
SUM		4 823 182

HFK sin samla kostnad for personforsikring blir da vel 4,8 millionar kroner i 2017. I 2016 hadde HFK utlegg på om lag 7,4 millionar kroner og anbudsrunder har følgjeleg gitt nedgang i kostnad på om lag 2,6 millionar kroner.

For meir detaljert informasjon om dei ulike personforsikringane vert det vist til konkurransegrunnlaget og anbudsvalueringa som ligg ved saka.

Tilbod – skadeforsikring for 2017

Av tabellen nedanfor går det fram kva for tilbod som er motteke på dei ulike skadeforsikringane til HFK:

TILBUD SKADEFORSIKRINGER 2017				
	1	2	3	4
	GJENSIDIGE	KLP	IF	PROTECTOR
ANSVAR	669 746	1 195 285	637 509	733 968
STYREANSVAR	13 513	247 500		
MOTORVOGN		534 630		368 191
EIENDOM	3 564 054	2 607 547		2 493 138
BYGG UNDER				
OPPFØRING	inkl	inkl		inkl
	4 247 313	4 584 962	637 509	3 595 297
	5	6	7	8
	DNB	CODAN	LANDBRUK	RISKPOINT
ANSVAR	-	346 220		
STYREANSVAR				75 000
MOTORVOGN		765 054	415 300	
EIENDOM		2 787 305		
BYGG UNDER				
OPPFØRING		inkl 100 mill		
		3 898 579	415 300	75 000

Gunstigaste tilbod for dei ulike skadeforsikringane er markert med blå farge i tabellen ovanfor.

For ansvarsforsikringa har Codan gitt det gunstigaste tilbudet som ligg mykje lågare enn dei andre tilboda. Prisen variere frå om lag 350.000 til 1,2 millionar kroner for denne dekninga.

For styreansvarsforsikringa er Gjensidige billigast men selskapet har teke atterhald om at denne følgjer ansvarsforsikringa. Derfor kan ikkje styreansvarsforsikringa plasserast i Gjensidige og tilbudet frå Riskpoint er det gunstigaste og kostar 75.000.

For eigedom og motorvogn har Protector gitt dei gunstigaste tilboda med prisar på om lag 370.000 og 2, 5 millionar kroner.

Waco innstiller ovanfor HFK på å velje følgjande leverandørar for dei ulike skadeforsikringane for 2017:

SKADEFORSIKRING		
INNSTILLING FRÅ WACO		
DEKNING	SELSKAP	PREMIE
ANSVAR	CODAN	346 220
STYREANSVAR	RISKPOINT	75 000
MOTORVOGN	PROTECTOR	368 191
EIENDOM	PROTECTOR	2 493 138
BYGG UNDER		
OPPFØRING	PROTECTOR	INKL
SUM		3 282 549

HFK sin samla kostnad for skadeforsikring blir da i underkant av 3,3 millionar kroner i 2017. I 2016 hadde HFK utlegg på i underkant av 4 millionar kroner for desse forsikringsdekningane og anbodsrunder har gitt om lag 700.000 i reduserte kostander for desse forsikringsdekningane.

For meir detaljert informasjon om skadeforsikringane vert det vist til konkurransegrunnlaget og anbodevalueringa som ligg ved saka.

HFK sine forsikringer for 2017 - Oppsummering og val av leverandører i 2017

HFK følger innstillinga frå Waco forsikringsmekling og plasserer sine forsikringer for 2017 i følgjande selskap:

Personforsikringar:

Yrkesskade	KLP
Fritidsulukke	KLP
Gruppeliv	Protector
Elevulukke	Protector
Reiseforsikring	Landbruk

Skadeforsikringar:

Ansvarsforsikring	Codan
Styreansvarsforsikring	Riskpoint
Eigedom	Protector
Motorvogn	Protector

HFK sin totale utgift til desse forsikringsdekningane vert redusert frå om lag 11,4 millionar i 2016 til 8,1 millionar i 2017.

Vedlegg:

Anbodsdokument

Anbodsevaluering